

Velkomen til

Åfjordvegen 863
6958 Sørbøvåg | Sørbøvåg

EiendomsMegler 1

Innhaldsliste

Nøkkelinformasjon	6
Informasjon om eigedomen	7
Nabolagsprofil	24
Planteikning	27
Tilstandsrapport	29
Egenerklæring	79
Tilbehør og løsøre	100
Help boligkjøperforsikring	101
Forbrukerinformasjon om budgiving	104
Budskjema	105

Velkomen til

Åfjordvegen 863
6958 Sørbøvåg

Eigedom med stor tomt og flott utsikt over fjorden i Sørbøvåg | Separat garasje og bod | Gode solforhold |

Velkommen til denne romslege bustadeigedomen i Sørbøvåg!

Eigedomen ligg høgt og fritt til med panorama utsikt over fjorden og Lihesten mot sør. Hovudetasjen inneheld stove, kjøkken, 3 soverom og bad, medan underetasjen har stort potensial for vidare utvikling. Her kan du setje ditt eige preg på planløysing og materialval. Huset er frå seint 1980-tallet, men blei aldri ferdigstilt heilt i underetasjen. Her er derfor ein del uinnreda rom.
Frå stova på hovudplan er det adkomst ut til sørvendt veranda med gode solforhold.

Høgdepunkt:
Stor eigartomt på over 4 daa med mange moglegheiter
Flott utsikt over fjorden
Separat garasje og bod
Underetasje med potensial for innreiing
Vedomn i stova og varmepumpe frå 2024
Kort veg til butikk og buss-stopp i Sørbøvåg



Les salsoppgåva nøye

Som meklar møter eg heile tida menneske på jakt etter draumebustaden. Sidan kjøp av bustad er ein av dei viktigaste investeringane du gjer i livet, har eg full forståing for at det kan vere ein krevjande prosess. Det er mykje informasjon ein skal setje seg inn i, og mange spørsmål som dukker opp undervegs. Hovudmålet med denne salsoppgåva er nettopp å gi deg all informasjon du treng, slik at du har det beste grunnlaget til å bestemme deg for om du ønskjer å bli med i bodrunden eller ikkje.

Eg tilrår deg å lese nøye gjennom salsoppgåva, slik at du er best muleg budd til vising. Uansett kva spørsmål du har er det berre å ta kontakt med meg.

Lykke til!



Christoffer Sæle Merkesvik
Eigedomsmeklar MNEF
906 13 338
Christoffer@em1sf.no

Nøkkelinformasjon

Prisantyding	kr	2 450 000
Kostnader	kr	76 300
Totalpris inkl. kostnader	kr	2 526 300

BRA-i	263m2
Antal soverom	4
Eigedomtype	Einebustad
Eigarform	Eigd
Tomtetype	Eigd
Byggeår	1988
Energimerking	Bokstav: D



Informasjon om eigedomen

Bustaden

Adresse
Åfjordvegen 863, 6958 Sørbøvåg

Registernemning
Gnr 31, bnr 18 og
Gnr 31, bnr 31, i Hyllestad kommune.

Eigedomtype
Einebustad

Byggeår
1988

Tilkomst
Enkel adkomst inn på eigedomen frå offentleg veg.

Plassering
Eigedommen ligg fint til i Sørbøvåg, med vidstrekt utsyn over fjorden og det vesle lokalsamfunnet. Her bur du i rolege, landlege omgivnader med naturen tett på.

Frå eigedommen er det gangavstand ned til Sørbøvåg Landhandel for den daglege handelen. Her finn du også busstopp med samband vidare til bla. kommunesenteret i Hyllestad. Omgivnadene byr på flotte turmoglegheiter, anten du føretrekk ein roleg spasertur langs fjorden eller lengre turar i skog og mark.

Kommunesenteret Hyllestad er ein kort køyretur unna, om lag tolv kilometer frå døra. Her ligg Hyllestad skule for 1. til 10. klasse, barnehage og eit idrettsanlegg med fotball- og friidrettsbane. Dette gjer logistikken enkel for ein aktiv familie.

Innhald
Einebustad går over to plan med følgjande innhald:
Underetasje: Hall m/trapp, soverom og fire uinnreidde kjellarrom.
1. etasje: Entré m/trapp, gang, kjøkken, stove, bibliotek, bad, bod og tre soverom.

Ut frå stova og hovudsoverommet på hovudplanet er det utgang til ein altan på 28 m². I underetasjen er det ein integrert garasje på 19 m², og under altanen er det eit ope rom på ca. 27 m² med jordgolv som kan nyttast som carport. På eigedommen er det også ein frittståande garasje på 44 m² frå 2018 og ein frittståande bod på 16 m² frå 2019.

Det er avvik mellom godkjende byggeteikningar og dagens planløysing. I 1. etasje og underetasjen er det gjort endringar i rominndelinga samanlikna med dei opphavlege teikningane datert 04.07.1984. Endring av berande veggar og bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel er normalt søknadspliktige tiltak, medan fjerning av lette skiljeveggar innanfor hovuddel normalt er søknadsfritt. Det er uvisst kva dei spesifikke endringane på denne eigedommen utløyste av søknadskrav. Seljar påtek seg ikkje ansvar for å byggjemelde eller få godkjent omgjeringa i ettertid. Frå kommunen kan det kome reaksjonar overfor eigar, til dømes krav om tilbakeføring, krav om omsøking, ilegging av overtredingsgebyr m.m. Kommunen kan krevje at gjeldande forskrifter og regelverk blir lagt til grunn ved eventuell omsøking. Dette kan mellom anna innebere krav til takhøgd, lysflate, ventilasjon, rømningsveg, brannsikring, storleik på uteareal, tal på parkeringsplassar mv.
Uavhengig av kva reaksjonsform kommunen måtte nytte, er dette kjøpar sitt ansvar og risiko.

Dei oppgitte romma er definerte av bygningssakkyndig i samsvar med vedlagd rapport, basert på dagens faktiske bruk, uavhengig av kva som er godkjent av bygningsstyresmaktene.

Innvendig beskrivelse

Frittliggjande einebustad frå 1988 fordelt over to plan, med ein romsleg altan på ca. 28 m² i tilknyting til stova i 1. etasje. Bustaden ligg på ein eigedom på over 2 300 m² og har god plass innvendig, med tre soverom og bibliotek i 1. etasje og eit soverom i underetasjen. Oppvarminga er basert på vedovn i stova, luft-til-luft-varmepumpe frå 2023/2024 og varmekablar på badet og i hallen og soverommet i underetasjen. Innvendige overflater har eit oppgraderingsbehov, og badet i 1. etasje krev rehabilitering. Underetasjen er delvis uinnreidd og under opparbeiding. Den som kjøper denne bustaden får ein solid grunnstruktur med god plass, store uteareal og ein altan med vid utsikt over fjorden og fjella på andre sida.

Entré:
Inngangspartiet i 1. etasje har malt ytterdør med 2-lags glas frå 2023. Herifrå opnar gangen seg mot kjøkkenet og stova, og trappa ned til underetasjen ligg sentralt plassert. Innedelen til luft-til-luft-varmepumpen frå 2023/2024 er montert i gangen, og varmar effektivt heile 1. etasje. Ytterdøren er ikkje ferdigstilt med fôring og listverk innvendig.

Stue:
Stova er den romlegaste delen av 1. etasje og har vindaugsflater mot fleire retningar. Vedovnen er plassert mot ein murpipa kledd med skifer, og gjev stova eit varmt preg. Frå stova er det utgang til altanen via skyvedør med aluminiumskarmar og 2-lags glas frå byggeåret. Vindauga i stova er nyleg skifta ut med PVC-karmar og 2-lags og 3-lags glas frå perioden 2020–2023, men manglar enno fôring og listverk innvendig. Skyvedøren går tregt og har fuktmerke i nærliggjande golv, noko som bør undersøkjast nærare.

Altan:
Altanen på ca. 28 m² ligg i tilknyting til stova og gjev vid utsikt over fjorden og fjella. Konstruksjonen er oppbygd i impregnert tre med trebjelkelag, terrassebord og kvitmåla rekkverk på ca. 0,9 m høgde. Altanen har vedlikehaldsbehov: terrasseborda har råteskadar og heile terrassedekket må påreknast skifta. Rekkverket er lågare enn dagens krav, men det er ikkje krav om utbetring opp til gjeldande høgdekrav.

Kjøkken:
Kjøkkenet er romsleg og har innreiing med folierte frontar frå byggeåret. Benkeplater i laminat med heildekkande benkebeslag. Induksjonstopp og steikeomn frå omkring 2023. Ventilatorhette i børsta stål frå omkring 2023, men veggen bak ventilatoren er ikkje ferdigstilt og uttaket for straum til ventilatorhetta må flyttast. Kjøkkenet har to vindauge mot hagen og god arbeidsflate langs tre veggar. Frå kjøkkenet er det direkte samanheng med spiserommet.

TV-stove/Opphaldsrom:
I tilknyting til stova og kjøkkenet ligg eit eige rom som er innreidd som bibliotek/tv-stove. Rommet har vindauge mot fjorden og gjev god fleksibilitet som kontor, lesekrok eller ekstra opphaldsrom.

Hovudsoverom 1. etasje:
Hovudsoverommet har altandør med trekarmar og 2-lags glas frå 2016, med direkte tilgang til altanen. Rommet har plass til dobbeltseng og nattbord på begge sider. Innebygga garderobeskap er synleg i rommet.

Soverom 2 og 3, 1. etasje:
De to resterande soverommene i 1. etasje er enkle rom med vindauge. Begge har plass til seng og nødvendig møblering. Romma er greie og funksjonelle, men innvendige overflater ber preg av alder.

Bad 1. etasje:
Badet i 1. etasje er frå byggeåret og har terraflexbelegg og varmekablar i golvet. Vegger med

måla våtromstapet. Avtrekksventil i himlingen og avtrekksvifte i ytterveggen. Badet har servant, servantskap, høgskap, dusjkabinett, badekar og klosett. Badet har eit oppgraderingsbehov: golvbelegget har sprekkar og kan ikkje forventast å vere vasst tett. Rehabilitering av våtrommet må påreknast.

Underetasje:
Underetasjen nåast via den innvendige trappa frå 1. etasje. Hallen i underetasjen har varmekablar i golvet. Eit soverom i underetasjen er ferdigstilt med laminat og varmekablar, men varmekablane i dette rommet er opplyst å ha mangelfull effekt med ukjend årsak. Resten av underetasjen er uinnreidd og under opparbeiding: fleire rom er i råbygg-stadium med synleg bindingsverk, betongblokkveggar og golv utan overflatebehandling. Desse romma er tilleggsdel og var ikkje planlagde innreidde i dei opphavlege teikningane. Det er òg ein integrert garasjeplass i underetasjen.

Overflater:
Golv: Belegg og laminat i 1. etasje. Laminat i underetasjen (ferdigstilte rom). Terraflexbelegg på badet i 1. etasje.
Vegger: Måla miljøstrie i 1. etasje. Måla panelplater og trepanel i underetasjen.
Himling: Måla himlingsplater i 1. etasje og underetasjen.

Lagring:
Eigedommen har ein frittstående bod oppført i 2019 med betongplate på mark, 4" bindingsverk, saltakform med shingel og undertak av rupanel. Vindauge med trekarmar og 2-lags glas frå 2019. Ytterdør med måla overflater og 2-lags glas frå 2019. Innvendige overflater med måla betonggolv, vegger med trepanel og himling med måla plater. Det elektriske anlegget i boden er ei mellombels installasjon med skjøteledning mellom boden og hovudhuset.
Eigedommen har òg ein frittstående enkel garasje frå 2018 med betongplate på mark, forskalingsblokk utstøypt med betong og bindingsverk med asfaltplater og ventilert trekledning. Saltakform med W-takstoler og pappshingel på undertak av rupanel. Vindauge med trekarmar og 2-lags glas frå 1984. Leddport i metall og sidedør med måla overflater, begge frå byggeåret. Platekledd himling. Det elektriske anlegget er ei mellombels installasjon med byggeskap og lys montert.
I tillegg er det eit ope rom under terrassen på ca. 27 m² med jordgolv som kan nyttast til carport. Hovudbygningen har òg ein integrert garasjeplass i underetasjen.

Omsetning av brukt eigedom
Ein brukt eigedom vil som regel ikkje vere i same stand som om den var ny. Tekniske krav, type bustad, teknikk og skikkar endrar seg over tid. Bruksslitasje og ytre forhold kan gjere at tilstanden blir dårlegare etter kvart, sjølv om det ikkje er synleg. Kjøparar kan ha mindre forventningar til eldre bustader enn nye, og det kan vere skadar eller feil som ikkje er beskrive, men som seljar likevel ikkje kan haldast ansvarleg for. Normal bruksslitasje er ikkje ein mangel, og det er ikkje sikkert at det som opplevast som ein feil ved ein eigedom er ein mangel i rettsleg forstand. Det er difor viktig å setje seg grundig inn i tilstanden på den eigedomen ein vil kjøpe.

Areal

Einebustad
Bruksareal fordelt på etasje
Underetasje
BRA-i: 117 m² Hall m/trapp, soverom, fire uinnredde kjellarrom
BRA-e: 19 m² Garasje/carport
1. etasje
BRA-i: 146 m² Entré m/trapp, gang, kjøkken, stue, bibliotek, bad, tre soverom

TBA fordelt på etasje
1. etasje
28 m² Terrasse

Bod

Bruksareal fordelt på etasje
1. etasje
BRA-e: 16 m² Bod

Garasje
Bruksareal fordelt på etasje
1. etasje
BRA-e: 44 m² Garasje

Arealene er oppgitt av bygningssakkyndig på grunnlag av NS3940(2023).
Internt bruksareal (BRA-i) er areal innenfor boligens omsluttende vegger. Det er for eksempel stue, soverom, kjøkken, entré, bad, loftsrom, innvendig bod og ganger mellom disse. Dersom boligen består av en bruksenhet med flere selvstendige boenheter, skal de selvstendige boenhetene kategoriseres som BRA-i. Et eksempel på dette kan være en enebolig med adskilt utleieenhet.

Eksternt bruksareal (BRA-e) er for eksempel en ekstern bod, kjellerstue med egen inngang, gjesterom, tilleggsbygg eller andre rom som tilhører boenheten, men som ikke er direkte tilknyttet det interne arealet. Tilleggsbygg kan være for eksempel garasje, naust eller utvendig bod.

Terrasse- og balkongareal (TBA) er arealet av terrasser, altaner, verandaer og åpne balkonger som er tilknyttet boenheten.

Boligens gulvareal (GUA) er boligens samlede gulvareal og areal med lav takhøyde ALH er areal uten krav til minste himlingshøyde.**Ikkje målbare areal**
I tillegg til oppgjevne areal er det opent rom under terrassen på ca. 27 m2 med jordgolv som kan nyttast til carport.

Takstmann sine kommentarar til arealoppmåling
Einebustad
Arealet er oppmålt innvendig med laser avstandsmålar og avrunda til nermaste heile m2. I tillegg til oppgjeve areal i 1. etasjen som (BRA-i) er det terrasse på 28m2 i samband med stova som er oppgjeve som opent areal (TBA). I samband med underetasjen er det garasje med opent areal, dette arealet er i teikningen oppgjeve med disp. areal og vert i arealutmålinga oppgjeve som (BRA-e). I tillegg til oppgjevne areal er det opent rom under terrassen på ca. 27 m2 med jordgolv som kan nyttast til carport. Etasjehøgde ca. 2,3-2,4 m.

Bod
Arealet er oppmålt innvendig med laser avstandsmålar og avrunda til nermaste heile m2.
Etasjehøgde ca. 2,15 m.

Garasje
Arealet er oppmålt innvendig med laser avstandsmålar og avrunda til nermaste heile m2.
Etasjehøgde ca. 2,4 m

Antal soverom
4

Sjå elles informasjon under feltet "Innhald". Antal soverom er gjeve etter Forbrukartilsynet sine retningslinjer, og inkluderer kun soverom som er godkjent til varig opphald. Antal soverom som er oppgjeve av bygningskyndig i tilstandsrapporten er gjeve etter retningslinjene til takstbransjen, der det er den faktiske bruken av rommet på marknadsføringstidspunktet som er avgjerande. Bruken av rommet kan likevel vere i strid med byggtekniske forskrifter og/eller manglande godkjenning, bruksendringar til rom for varig opphald m.m. I dei tilfella det er opplysningar frå seljar og/eller kommunen om at rom ikkje er godkjent til varig opphald, vil årsaken til dette kome fram i salsoppgåva.

Antal bad
1

Moderniseringar og påkostingar
Følgjande moderniseringar er utført dei seinare åra:

2024:
- Installasjon av luft-til-luft-varmepumpe med innedel i gangen i 1. etasje
- Elektriske arbeider utført i bustadhuset

2023:
- Ny trekledning på fasade mot sør med musesperre
- Utskifting av hovudytterdører i underetasjen og 1. etasjen med 2-lags glas
- Diverse overflatemodernisering innandørs
- Utskifting av induksjonstopp og steikeomn på kjøkken
- Utskifting av ventilatorhette i børsta stål på kjøkken

2022:
- Utskifting av fordelingstavle med jordfeilautomatar, utført av HAFS elektro

2020:
- Utskifting av vindauge med PVC-karmar og 2-lags og 3-lags glas i stova og i underetasjen i fasade mot sør og vest
- Utskifting av altandør med PVC-karmar og 3-lags glas i underetasjen

2019:
- Ny frittståande bod

2018:
- Ny frittståande enkel garasje

2016:
- Utskifting av altandør med trekarmar og 2-lags glas i hovudsoverommet

Takst og tilstand
Bygningskyndig
Takstmann og Byggmester Leon Austreim AS
leon.austreim@enivest.net
475 04 748

Type takst
Tilstandsrapport. Rapporten er datert 29.05.2026

Byggemåte
Informasjonen er henta frå vedlagte tilstandsrapport, datert 29.05.2026.

Bygning:
Frittliggjande einebustad oppført i 1988 etter datidas normale konstruksjon, isolasjonsverdi og materialval. Bygningen har yttervegger i 6" isolert bindingsverk med vindtetting av asfaltimpregnerte trefiberplater og veggpapp med utlekta, ventilert trekledning. Det er påvist spreidde råteskader i bordkledninga, og det vart registrert manglande diffusjonssperre på ein yttervegg i stova og ved inngangspartiet. Mellom underetasjen og 1. etasje er det isolert tregjelkelag. I underetasjen er det golv med betongplate på mark med ukjent isolasjonsverdi, og i uinnreidde rom er det isolerte tilfarergolv. Det er påvist høgt fuktnivå i trevegger i underetasjen, der det ved holtaking vart funne muggsopp. Bygningen har grunnmur i lettklinkerblokker og stripefundament i betong. Det er registrert riss i murpuss og rusta fugearmering. Byggegrunnen består truleg av fjell og sprengsteinsfylling. Eigedomen har utvendige støttemurer i betong og naturstein med enkelte mindre betongskader.

Tak:
Taktekkinga er av betongtakstein frå byggeåret med undertak av trefiberplater. Det er registrert enkelte knekte taksteinar og tiltakande mosegroing. Takkonstruksjonen er eit valmtak med W-takstolar og kaldloft, isolert med 20 cm matter. Det er registrert fuktskjoldar i undertaket, mangelfull tetting rundt gjennomføringar og det vart ikkje registrert diffusjonssperre. Bygningen har takrenner og luftehetter i plast, og sløysrenner i plastbelagt stål. Det er registrert mangelfull bortleiing av vatn frå taknedløp og lekkasje frå enkelte renneskjøtar og luftehette.

Pipe/Eldstad:
Bygningen har skorstein av elementpipe. I 1. etasje er skorstein og brannmur forblenda med skifer, og det er montert vedomn i stova. Sotluka i underetasjen har ikkje forskriftsmessig avstand til brennbart materiale.

Vindauge:
Bygningen har vindauge med måla trekarmar og 2-lags glas frå byggeåret, i tillegg til vindauge med PVC-karmar og 2- og 3-lags glas frå perioden 2020-2023. Vindauga frå byggeåret er prega av manglande vedlikehald, og enkelte er vanskelege å opne. Det manglar solebenkbeslag under vindauga i grunnmuren, og nokre vindauge er ikkje ferdigstilte innvendig.

Dører:
Bygningen har hovudytterdører frå 2023, ei eldre teakytterdør, altandør frå 2020, skyvedør frå byggeåret og altandør frå 2016. Innvendig er det ei blanding av dører frå byggeåret og av nyare dato. Det er registrert fleire avvik, som manglande beslag, treg funksjon, dører som knip og manglande ferdigstilling med lister og fôringar.

Trapper/tilkomst:
Innvendig er det ei lakkert tretrapp der belegget i trinna har losna. Trappa har òg for store opningar i rekkverket og manglar handløpar på vegg. Utvendig er det ei betongtrapp og ei tretrapp.

Balkong/terrasse:
I tilknyting til stova er det ein altan på 28 m² med impregnert trekonstruksjon. Det er påvist råteskader i terrasseborda, og det manglar beslag i overgangen mellom terrassedekket og ytterveggen. Under terrassen er det eit ope rom på ca. 27 m² som kan nyttast til carport.

VVS-installasjonar:
Bygningen har vassrør av kopar og avløpsrør av plast frå byggeåret. Meir enn halvparten av forventa brukstid er passert. Eit rør-i-rør-strekk av nyare dato til kjøkkenet er mangelfullt klamra. Stoppekrana må stengast med skiftenøkkel. Varmtvasstanken er på ca. 200 liter med ukjent produksjonsår. Eigedomen er tilknytt offentleg vatn og avløp via private stikkleidningar av plast, truleg frå byggeåret.

Ventilasjon:
Bygningen har naturleg ventilering via ventilar i grunnmuren og spalteventilar i vindauga. Det er i tillegg avtrekksvifte på badet og ventilator på kjøkkenet.

Tekniske detaljar:
Bygningen har ei luft-til-luft-varmepumpe installert i 2023 eller 2024. Brannsikringsutstyret inkluderer røykvarslarar og to pulverapparat med ukjent alder.

Det elektriske anlegget har fordelingstavle med jordfeilautomatar frå omkring 2022 og hovudsakleg skjult installasjon frå byggeåret. Det er opplyst om mangelfull effekt på varmekablar i eit soverom, og det er registrert avvik som manglande deksel og berøringsfare. Elektriske installasjonar i tilleggsbygningar er ikkje tilknytt den faste installasjonen.

Alle bygningsdelar og installasjonar har avgrensa levetid. Konstruksjonane er bygd etter lov og forskrift som tek utgangspunkt i byggeåret og vil normalt ikkje tilfredsstille krava i dag. Med omsyn til den tekniske standarden på bygningane vert det vist til vedlagde tilstandsrapport fra

takstmann Leon Austreim datert 29.05.2026, der enkelte bygningselementer har oppnådd tilstandsgrad 3 (TG3) og tilstandsgrad 2 (TG2). Interessentar vert oppmoda til å sette seg grundig inn i desse punkta samt eigenerklæringa som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Meklar gjer elles merksam på kjøpar si undersøkingsplikt med heimel i avhendingslova.

Nedanfor finn ein ei kort oppsummering av det den bygningssakyndige har beskrive av avvik ved bustaden som har fått tilstandsgrad 2 (TG 2) eller 3 (TG 3) OG TG IU (Ikkje undersøkt).

TG3 med store eller alvorlege avvik:

- Utvendig - Balkonger, terrasser og rom under balkonger | Parti med råteskader i terrasseborda med behov for utskifting av heile terrassedekket. Det er ikkje montert beslag i overgangen mellom terrassedekket og ytterveggen. Berande trekonstruksjon har som følgje av alder og registrerte avvik nådd normal forventa brukstid. Utvendig er det fjerna massar som var fylt inntil fundamenta under altanen. Konsekvens/tiltak: Nytt terrassedekke, beslag og kontroll av trekonstruksjonen elles for råteskader må påreknast. Utskifting av berande konstruksjonar kan ikkje utelukkast. Tiltak med utbedring av fundament under altanen må påreknast.
Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000

- Innvendig - Overflater | Fuktskada himling i entréen. Parti med fuktskade i laminatgolv. Del av innvendige overflater er ikkje ferdigstilt med lister og fôringar på nokre av vindauga og dørene. Konsekvens/tiltak: Overflater med skader og manglande ferdigstilling må påreknast utbedra. Oppsett kostnadsestimat er ei skjønnsmessig vurdering av behovet for utbedring/utskifting. Ei generell modernisering av alle innvendige overflater vil ha eit kostnadsestimat på over 500 000,-
Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000

- Innvendig - Pipe og ildsted | Sotluka i underetasjen har ikkje forskriftsmessig avstand til brennbart materiale på vegg eller golv. Sotluka ligg i rom som er uinnreia med vegg og golv som ikkje er ferdigstilt. Konsekvens/tiltak: Det må monterast eldfast plate på vegg og golv for å lukke avviket.
Kostnadsestimat: Under 20 000

- 1. Etasje Bad - Generell | Badet får TG-3 på grunn av alder og registrerte avvik. Golv med sprekk i terraflex-belegget, og golvet kan derfor ikkje forventast å vere vasstett. Våtrommet må påreknast rehabilitert for å stette krava til vasstette overflater i våtrom. Konsekvens/tiltak: Våtrommet må rehabiliterast for å tilfredsstille dagens forskriftskrav til vasstette overflater. Alle forhold omkring utføring og løysingar må kunne dokumenterast.
Kostnadsestimat: 200 000 - 500 000

TG2 med avvik som kan krevje tiltak:

- Utvendig > Taktekking: Meir enn halvparten av forventa brukstid er passert på taktekkinga og undertaket.

- Utvendig > Nedløp og beslag: Manglande bortleiing av vatn frå taknedløp, lekkasjar og meir enn halvparten av forventa brukstid er passert.

- Utvendig > Veggkonstruksjon: Spreidde råteskader i kledninga og manglande musesperre.

- Utvendig > Takkonstruksjon/Loft: Indikasjonar på punktert dampsperre og avvik rundt gjennomføringar.

- Utvendig > Vinduer: Karmar er slitne, og enkelte vindauge er vanskelege å opne/lukke.

- Utvendig > Vinduer - 2: Avvik rundt innsetjingsdetaljar, som manglande solebenkbeslag og manglande ferdigstilling.

- Utvendig > Dører: Ytterdør tek i terskelen og er ikkje ferdigstilt innvendig.

- Utvendig > Dører - 2: Manglande solebenkbeslag under terskel og teikn til tidlegare lekkasje.

- Utvendig > Dører - 3: Skyvedør går tregt og det er ikkje beslagtetting under terskel på altandører.

- Innvendig > Etasjeskille/gulv mot grunn: Målt høgdeforskjell på 10-20 mm innanfor 2 meter og 20 mm gjennom heile rommet.

- Innvendig > Rom Under Terreng: Påvist høgt fuktnivå i trevegger og muggsopp ved holtaking.

- Innvendig > Innvendige trapper: Belegget i trinna har losna frå underlaget.

- Innvendig > Innvendige dører: Enkelte dører tek i karmen, manglar tersklar eller er ikkje ferdigstilte.

- Tekniske installasjoner > Vannledninger: Meir enn halvparten av forventa brukstid er passert, og det er manglande klamring av rør.

- Tekniske installasjoner > Avløpsrør: Meir enn halvparten av forventa brukstid er passert, og eit avløpsrør er ikkje blenda.

- Tomteforhold > Fuktsikring og drenering: Meir enn halvparten av forventa levetid er overskriden, og det er indikasjonar på avgrensa effekt.

- Tomteforhold > Grunnmur og fundamenter: Riss i murpuss og rusta fugearmering.

- Tomteforhold > Forstøtningsmurer: Enkelte mindre betongskader på støttemurane.

- Tomteforhold > Terrengforhold: Dårleg fall eller flatt terreng inn mot grunnmur.

- Tomteforhold > Utvendige vann- og avløpsledninger: Meir enn halvparten av forventa brukstid er passert på leidningane.

- Kjøkken > 1. etasje > Kjøkken > Avtrekk: Veggen bak ventilatoren er ikkje ferdigstilt.

Helse, miljø og sikkerhet:

Åpninger i rekkverk er større enn dagens forskriftskrav til rekkverk i innvendige trapper.

Det er ikke foretatt radonmålinger, og bygget er heller ikke utført med radonsperre.

Det mangler håndløper på vegg i det innvendige trappeløpet.

Eiendommen ligger i et rasfarlig /skredutsatt område i henhold til kommunedelsplan/NVE.

Rekkverket på balkong eller terrasse er for lavt i forhold til dagens krav.

Oppsummeringa over er ikkje uttømmande, og du vert oppmoda til å lese og setje deg grundig inn i alt salsmateriell. For ordens skuld nemner vi at TGIU står for «tilstandsgrad ikkje undersøkt», til dømes fordi ein del av bygget ikkje har vore tilgjengeleg for inspeksjon. Desse delane kan dermed ha feil eller manglar som ikkje er avdekte.

Øvrige bygningar:

Frittståande utebod:
Byggeår 2019.
Bygningen er oppført med betongplate på mark. Ytterveggane er av betong under bakken og elles 4" bindingsverk. Takkonstruksjonen har saltakform med taktekking av shingel. Det er

vindauge og ytterdør frå 2019. Innvendig er det måla betonggolv, trepanel på vegger og måla plater i himling. Elektrisk anlegg er ein mellombels installasjon med skøyteleidning til hovudhuset.

Garasje:
Byggeår 2018.
Bygningen er oppført med betongplate på mark. Ytterveggane er av forskalingsblokk og bindingsverk med trekledning. Takkonstruksjonen har saltakform med W-takstolar og taktekking av pappshingel. Garasjen har vindauge frå 1984, samt leddport og sidedør frå byggeåret. Elektrisk anlegg er ein mellombels installasjon.

Bygninger
Eigedomen er utbygd med einebustad, uthus og garasje.

Innbu og lausøyre
Når ikkje anna er avtalt, blir eigedomen overdrege med innreiingar og utstyr som etter lov, forskrift eller anna offentleg vedtak skal følgje med, jf. avhendingslova. Det same gjeld varig innreiing og utstyr som anten er fastmontert eller er særskilt tilpassa bygningen. Lova inneheld inga detaljert oversikt over kva som omfattar «innreiing og utstyr», og over kva som skal reknast som «fastmontert eller særskilt tilpassa». Partane kan fritt avtale kva som skal følgje eigedomen ved sal. Bransjen si liste over lausøyre og tilhøyr som skal følgje med eigedomen, er ein del av avtalen mellom kjøpar og seljar dersom ikkje anna er opplyst i salsoppgåva, kjøpar har teke atterhald i bod eller på annan måte er inngått. Er ikkje anna avtalt, vil lausøyre og tilhøyr følgje med slik dette kjem fram av avhendingslova og bransjen si tilbehøyrsliste inntatt i salsoppgåva.

Samandrag av seljar si eigenerklæring
Seljar har i samband med salet fylt ut egenerklæringsskjema som vedlagt salsoppgåva. I skjemaet kjem følgjande informasjon fram:

Kjenner du til om det er/har vore feil tilknytt våtromma, t.d. sprekker, lekkasje, råte, lukt eller soppskadar?
Ja.
Det er synleg slitasje og enkelte sprekker/skadar på golvbelegget på badet. Badet er av eldre dato (ca. 1984). Eg er ikkje kjent med aktiv lekkasje.

Kjenner du til om det er/har vore problem med drenering, fuktinnsig, øvrig fukt eller fuktmerke i underetasje/kjellar?
Ja.
Det er synlege fuktmerke i eit hjørne i kjellar. Det vert anta at dette kan ha samanheng med tidlegare lekkasje frå takrenne/nedløp. Forholdet er forsøkt utbetra ved å leie vatn vekk frå huset. Eg er usikker på om det framleis førekjem fukt.

Kjenner du til om det er/har vore utettheiter i terrasse/garasje/tak/fasade?
Ja.
Det har tidlegare kome inn regn ved kraftig vind som følgje av utett mønetetting. Det er i ettertid montert ny mønetetting på den aktuelle delen av taket. Eg er ikkje kjent med at det framleis er utettheiter.

Kjenner du til om det er/har vore t.d. sprekker i mur, skeive golv eller liknande?
Ja.
Sprekker i murpuss.

Kjenner du til om det er/har vore sopp/råteskadar/insekt/skadedyr på eigedommen som rotter, mus, maur eller liknande?
Ja.
Det har førekome mus på mørkeloft.

Kjenner du til om det er/har vore utført arbeid på el-anlegget eller andre installasjonar (t.d. oljetank, sentralfyr, ventilasjon)?
Ja.

Faglært arbeid:
Beskrivelse av arbeidet: Oppgradert sikringar i sikringsskap
Firmanamn: HAFS elektro
Det ligg føre samsvarserklæring.

Er det andre forhold av tyding ved eigedommen som kan vere relevant for kjøpar å vite om (t.d. rasfare, tinglyste forhold eller private avtalar)?
Ja.
Ein nabo har fått lov å grave ned ny vassleidning til kommunalt vatn, og seinare vedlikehald.

Tomteforhold

Tomtetype
Eigd

Tomteareal
Tomtestorleik 4043 m²

Beskriving av tomta
Tomta ligg i ei sørvendt, til dels bratt helling med utsyn til Åfjorden. Tomta er opparbeidd med gruslagd tilkomstveg og tun, støttemurar i naturstein og betong, og hage med grøntareal, hekk og div. beplantning.

Tomta er over to mål, og det krevst difor eigenerklæring om konsesjonsfridom påført samtykke frå kommunen for at heimelen skal kunne overførast til kjøpar.
Gnr.31 bnr.18 har eit areal på 2360m2.
Gnr.31 bnr.31 har eit areal på 1683m2.

Grensene for eigedomen har blanda nøyaktigheit. Dei sørlege, austlege og vestlege grensene er terrengmålte med middels til høg nøyaktigheit. Dei nordlege og nordvestlege grensene er digitaliserte frå eldre kart og er mindre nøyaktige. Kjøpar overtek ansvaret for eventuelle avvik.

Parkering
Parkering på eigen tomt i integrert garasje, frittståande garasje med leddport i metall, og i ope rom under terrassen som kan nyttast som carport. I tillegg er det parkering på gruslagt tilkomstveg og tun for fleire bilar.

Eigedomen

Eigarform
Eigd

Ferdigattest/bruksløyve
Det ligg verken mellombels bruksløyve eller ferdigattest føre for eigedomen, ifølgje kommunen. Normalt krevst det ferdigattest for alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova. Etter pbl. § 21-10 femte ledd blir det likevel ikkje lenger utferda ferdigattest for tiltak det er søkt om før 01.01.1998.

Manglande mellombels bruksløyve inneber likevel at byggjesaka ikkje er korrekt avslutta, og kommunen kan påleggje eigar å gjennomføre tiltak som gjer at mellombels bruksløyve kan utferdast. Ulovleg oppførte tiltak kan kommunen framleis forfølgje og krevje omsøkte etter dagens regelverk. Dette kan mellom anna medføre krav om tilpassing til gjeldande tekniske krav.

Kjøpar overtek ansvar, risiko og eventuelle konsekvensar knytte til dei nemnde forholda.

Seljar opplyser at garasje er oppført i tråd med dei nye reglane om unntak frå søknadsplikt. Det ligg difor ikkje føre ferdigattest for bygget. Det ligg vedlagt ei «Melding om bygning unntatt søknadsplikt» datert 30.07.2018 for tiltaket.

Det ligg føre godkjende og byggjemeldte teikningar datert 03.09.1984 og 06.07.1984. Ved samanlikning med dagens bruk er det avvik. Mellom anna har bygningen ein altan på 28 m² med eit underliggjande ope areal/carport på ca. 27 m² som ikkje er vist på korkje plan- eller fasadeteikningane. Oppføring av altan og tilbygg av denne storleiken er normalt søknadspliktige tiltak, og det ligg ikkje føre dokumentasjon på at utvidinga er byggjemeldt eller godkjent. Det er også registrert innvendige avvik i høve til godkjend planløysing for rom i 1. etasje og underetasje. I tillegg er det oppført ei frittståande bod frå 2019 på ca. 16 m² på tomta.

Veg, vatn, avlaup
Eigedomen er tilknytt offentleg veg, vatn og avlaup. Alle eigedomar som er tilknytt offentleg vatn og avlaup har private stikkleidningar, som blir vedlikehaldne for eigar si eiga rekning. For nærare opplysningar om dei private stikkleidningane blir det vist til kommunen.

I følge selgar har nabo rett til å ha liggande vassledning over tomta fram til kommunalt tilknytningspunkt.

Reguleringsplan
Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Områdereguleringsplan Sørbøvåg, vedteken 08.12.2004, med formål bustadbebygging. I føresegnene til planen står det at det ikkje skal opprettast nye avkøyrsler til riks- eller fylkesveg.

Kopi av situasjonskart, eigedomsrapport, reguleringsplanar med tilhøyrande føresegner m.m. ligg vedlagt i salsoppgåva eller kan fåast ved å vende seg til meklar. Interessentar vert oppmoda om å setje seg inn i desse dokumenta.

Radonmåling
Det er ikkje utført radonmåling og det er heller ikkje krav til dette, for meir informasjon vedrørande radon sjå www.dsa.no. Kjøpar overtek frå overtakingsdagen ansvaret for eventuelle utbetringstiltak som seinare må igangsetjast og betalast.

Eigedommen ligg i eit område med lav til moderat fare for radon.
Bygningen er ikkje oppført med radonsperre mot grunnen.

Hefte
På eigedomen er det tinglyst følgjande hefte og rettar som følgjer eigedomens matrikkel ved overskøyting til ny heimelshavar:

4637/31/18:

27.01.1975 - Dokumentnr: 114 - Bestemmelse om gjerde

23.12.2003 - Dokumentnr: 2511 - Bestemmelse om veg
Rettighetshaver: knr: 4637 gnr: 31 bnr: 7
Med fleire føresegner
Skøytet fastslår at gnr. 31, bnr. 7 har rett til å knyte seg til veg, vatn og kloakk som tilhøyrer gnr. 31, bnr. 18. Eigedomen vart overdrege med dei rettane og pliktene som førre eigar hadde.

23.12.2020 - Dokumentnr: 3532250 - Bestemmelse om vannledning
Rettighetshaver: knr: 4637 gnr: 31 bnr: 8
Rettighetshaver: knr: 4637 gnr: 31 bnr: 10
Rettighetshaver: knr: 4637 gnr: 31 bnr: 14
Rettighetshaver: knr: 4637 gnr: 31 bnr: 27
Gjelder denne registerenheten med flere
Erklæringa etablerer rett til ny vassleidning og tilkopling til kommunalt vassverk for gnr. 31 bnr. 8, 10, 14 og 27. Det skal gravast ny vassleidning på gnr. 31 bnr. 18 og gnr. 31 med nye kummar for koplingar.

4637/31/31:

1944/130-1/54 09.02.1944 ERKLÆRING/AVTALE
Bestemmelse om naustplass.
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

1944/347-1/54 05.05.1944 RETTSBOK
Bestemmelse om naustplass.
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

1955/1290-1/54 05.12.1955 JORDSKIFTE
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

1959/134-1/54 07.02.1959 JORDSKIFTE
Utmarka til gnr. 13 og 14
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE

1964/1439-1/54 31.12.1964 JORDSKIFTE
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

1966/101-1/54 20.01.1966 JORDSKIFTE
Overjordskifte
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

1974/1116-1/54 14.06.1974 ERKLÆRING/AVTALE
Bestemmelse om vannledning
Vegvesenets betingelser vedtatt
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

1975/114-2/54 27.01.1975 ERKLÆRING/AVTALE
Bestemmelse om kloakkledning
Med flere bestemmelser
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

1993/2170-1/54 06.10.1993 JORDSKIFTE
Omlegging av gardsveg til gnr. 31, bnr.2, Ulvik.
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE
Overført fra: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 7

2020/3532250-1/200 23.12.2020
21:00
BESTEMMELSE OM VANNLEDNING
RETTIGHETSHAVER: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 8
RETTIGHETSHAVER: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 10
RETTIGHETSHAVER: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 14
RETTIGHETSHAVER: KNR: 4637 GNR: 31 BNR: 27
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE

Seljar ber risikoen for at kjøpar kan få tinglyst skøyte utan andre heftingar enn dei som det er avtalt at følgjer med i handelen.

Legalpant
Kommunen har legalpant for forfalte kommunale avgifter og ev. eigedomsskatt.

Eigar
Birger Bygstad
Ida Meier

Energi
Oppvarming
Oppvarming i bustaden er basert på elektrisitet, varmepumpe og vedfyring.

Det er installert ei luft-til-luft varmepumpe frå 2023/2024 med innedel i gangen i 1. etasje.

Elektriske varmekablar finst i hall og soverom i underetasjen, samt på badet i 1. etasje. Varmekablane på soverommet i underetasjen har mangelfull effekt med ukjent årsak.

Det er ein vedovn plassert i stova i 1. etasje, tilkopla skorstein av elementpipe.

Sotluka i underetasjen har ikkje forskriftsmessig avstand til brennbart materiale på vegg eller golv, og ligg i eit rom som er uinnreia og ikkje ferdigstilt. Det er påvist brennbart materiale nærare enn 300 mm frå sotluke/feieluke, og eldfast plate manglar på golvet under sotluke/feieluke på pipe. Det vert tilrådd å montere eldfast plate på vegg og golv for å lukke avviket.

Dersom rom ikkje har vegg- eller fastmonterte varmekjelder ved vising, følgjer dette heller ikkje med.

Tilstandsrapporten beskriv den tekniske tilstanden til byggverket. Det er ikkje utført kontroll av dei elektriske installasjonane (el-takst) sjølv om bygningssakkunnig kan ha knytt kommentarar til el-anlegget ut frå heilt enkle vurderingskriterium.

Sidan el-anlegget ikkje er kontrollert, er det ikkje usannsynleg at det seinare kan bli avdekt avvik frå dagens forskriftskrav og oppstå funksjonssvikt. Vidare må kjøpar vere førebudd på at det kan måtte gjerast oppgraderingar på grunn av slitasje, manglande vedlikehald, arbeid som er utført av ufaglærte, alder eller tekniske løysingar som ikkje held dagens standard.

I Noreg er det ei av oppgåvene til «Det lokale eltilsynet» (DLE) å utføre tilsyn med elektriske anlegg i bustader og fritidsbustader. Alle bustader skal ha periodisk kontroll kvart 20. år, og hytter/fritidsbustader blir kontrollerte kvart 30. år. El-anlegget er ein bygningsdel som er gjenstand for konstant utvikling. Ein må difor rekne med at dagens anlegg ikkje nødvendigvis er dimensjonert for oppgradering av kjøkken med nye elektriske apparat eller rehabilitering av bad med varmekablar, samt installeringar for elbilladar.

Energimerking
Energifarge gul og bokstav D.

Energiklasse
Denne bustaden er energimerkt. På ein skala frå A til G, der A er best, har denne bustaden oppnådd D (ein normalbustad vil gjerne ligge i området C-F). Kopi av energiattest ligg vedlagt i salsoppgåva eller kan fåast ved førespurnad til meklar.

Økonomi
Pris

Prisantydning	Kr 2 450 000,-
Kostnader	Kr 76 300,-
Total pris inkl. kostnader	Kr 2 526 300,-

Kostnader ved kjøp
2 450 000,00 (Prisantydning)

Omkostninger
13 700,00 (Boligkjøperforsikring - Help* (valgfritt))
61 250,00 (Dokumentavgift)
260,00 (Grunnboksutskrift)
545,00 (Tinglysing pantedokument)
545,00 (Tinglysing skøyte)
---
62 600,00 (Omkostninger totalt (uten Boligkjøperforsikring - Help))
76 300,00 (Omkostninger totalt (med Boligkjøperforsikring - Help))
---
2 512 600,00 (Totalpris inkl. omkostninger (uten Boligkjøperforsikring - Help))
2 526 300,00 (Totalpris inkl. omkostninger (med Boligkjøperforsikring - Help))

Kommunale avgifter
Kommunale avgifter: Kr 35 056 pr 2026
Dette inkluderer renovasjon, vatn- og avlaupsavgifter og feiing. Den totale årlege kostnaden vil variere etter eige forbruk.

Renovasjon frå Sunnfjord Miljøverk utgjer kr 4 200,- for 2026 og kjem i tillegg.

Kommunale gebyr er ein kombinasjon av forskot, abonnement og enkeltgebyr fakturert etter levert teneste. Kommunen kjenner ikkje samla gebyr for ein eigedom for eit år før året er omme.

I tillegg kjem eigedomsskatt på kr 4 452,- for 2026.

Eigedomskatt
Kr 4 452 pr 2026

Formuesverdi
Formuesverdi primær: Kr 620 155 for år 2024
Formuesverdi sekundær: Kr 2 480 618 for år 2024
Formuesverdien på bustaden er på kr. 620 155,- når bustaden blir nytta som primærbustad.

Formuesverdien er ein fastsett prosentdel av den berekna marknadsverdien. Den berekna marknadsverdien byggjer på opplysningar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) om omsette bustader. I berekninga blir det teke omsyn til bustaden si plassering, areal, byggeår og bustadtype.

Det er eigaren av bustaden som fastset formuesverdien, men skattemyndigheitene kan kontrollere at verdien er sett korrekt. (Alternativt med lovheimel: Det er eigaren av bustaden som fastset formuesverdien, jf. skatteforvaltningslova § 9-1 første ledd, men skattemyndigheitene kan kontrollere at verdien er sett korrekt.)

Formuesverdi skal ikkje overstige:
Primærbustad: 25 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi opp til kr. 10.000.000, og deretter 70 % av den overskytande marknadsverdien.
Sekundærbustad: 100 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi.
Formuesverdiar som overstig desse grensene, kan krevjast nedjusterte av eigaren.

For meir informasjon, sjå skatteetaten.no.

Byggforsikring
Frende
Polisenummer

1086533

TV/Internett/Breiband
Det er til ei kvar tid kjøpar sitt ansvar å føreta sine eigne undersøkingar vedkomande internett og TV-leverandørar. Ny eigar må sjølv syte for bestilling av dei tenestene ein ynskjer og sjølv dekkje kostnader ved dette.

Utleige
Tilgang til utleige
Bustad med éi bueining som fritt kan leigast ut i si heilskap. Delar av bustaden kan òg leigast ut, føresett at dette er ein del av den godkjende hovuddelen til bustaden med rom som er godkjende for varig opphald, og at den utleigde delen ikkje er fråskild som ei sjølvstendig bueining.

Vilkår og bestemmingar
Lovanvending
Generelle bestemmelser
Salgsoppgaven er basert på de opplysningene selger har gitt til megler, den bygningssakyndiges tilstandsrapport, samt opplysninger innhentet fra kommunen, Kartverket og andre tilgjengelige kilder. Det er viktig at kjøper setter seg grundig inn i alle salgsdokumentene, herunder salgsoppgave, tilstandsrapport og selgers egenerklæring. Kjøper anses kjent med forhold som er tydelig beskrevet i salgsdokumentene, og slike forhold kan ikke påberopes som mangler. Dette gjelder uavhengig av om kjøper har lest dokumentene. Alle interessenter oppfordres til å undersøke eiendommen nøye, gjerne sammen med fagkyndig før bud inngis. Kjøper som velger å kjøpe usett kan ikke gjøre gjeldende som mangel noe han burde blitt kjent med ved undersøkelsen.

Dersom det er behov for avklaringer, anbefaler vi at interessenter rådfører seg med eiendomsmegler eller egne rådgivere før det legges inn bud.

En bolig som har blitt brukt i en viss tid, har vanligvis blitt utsatt for slitasje og skader kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøper regne med, og det kan avdekkes enkelte forhold etter overtakelse som nødvendiggjør utbedringer. Normal slitasje og skader som nødvendiggjør utbedring, er innenfor hva kjøper må forvente og vil ikke utgjøre en mange

Kjøper og selgers rettigheter og plikter reguleres av avtalen mellom partene, samt informasjonen som har vært tilgjengelig for kjøperen i forbindelse med handelen. Avtalen utfylles av avhendingsloven, og det gjelder ulike avtalevilkår avhengig av om kjøper er forbrukerkjøper eller ikke. Dette er nærmere beskrevet nedenfor.

På grunn av ulike avtalevilkår kan selger vurdere bud fra en som ikke er forbruker, ulikt fra en forbrukers bud. Dersom kjøper ikke er forbruker, er selger sitt mulige mangelsansvar begrenset fordi eiendommen selges "som den er". Selger kan ikke ta «som den er» forbehold ovenfor en forbrukerkjøper. Selv et lavere bud fra en som ikke er forbruker kan foretrekkes fordi begrensningen i mulig mangelsansvarkan ha egenverdi for selger. Selger står fritt til å forkaste eller akseptere ethvert bud, og er for eksempel ikke forpliktet til å akseptere høyeste bud.

Budgiver skal i budskjema avgi egenerklæring ombudgiver er forbruker eller næringsdrivende/ person som hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet. Budgivere får informasjon dersom andre bud er inngitt av en som ikke er forbruker.

Forbrukerkjøp - definisjon
Med forbrukerkjøp menes kjøp av eiendom når kjøperen er en fysisk person som ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet.

Forbruker – avtalevilkår
Eiendommen har en mangel dersom den ikke er i samsvar med kravene som følger av avtalen,

eller det foreligger brudd på bestemmelsene i avhendingsloven §§ 3-2 til 3-8. Hvis eiendommen ikke er i samsvar med det kjøperen må kunne forvente ut ifra alder, type og synlig tilstand, kan det være grunnlag for mangelskrav. Det samme gjelder hvis det er holdt tilbake eller gitt uriktige opplysninger om eiendommen. Dette gjelder likevel bare dersom man kan gå ut ifra at det virket inn på avtalen at opplysningen ikke ble gitt eller at feil uriktige opplysninger ikke blir rettet i tide på en tydelig måte.

Boligen kan ha en mangel etter avhendingsloven § 3-3 dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk innvendig areal, forutsatt at avviket er på 2% eller mer og minimum 1 kvm.

Ved beregning av et eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøper selv dekke tap/kostnader opptil et beløp på kr 10 000 (egenandel).

Ikke-forbruker (næringsdrivende) – definisjon
Hvis kjøper er en juridisk person, eller en fysisk person som hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet, vil kjøpet ikke anses som et forbrukerkjøp.

Ikke-forbruker – avtalevilkår
Eiendommen har en mangel dersom den ikke er i samsvar med kravene som følger av avtalen. Eiendommen selges «som den er», og selgers ansvar utover det konkret avtalte er da begrenset etter avhendingsloven § 3-9, første ledd andre setning.

Avhendingsloven § 3-3 andre ledd fravikes, og hvorvidt boligens arealsvikt utgjør en mangel vurderes etter avhendingsloven § 3-8.

Informasjon om kjøpers undersøkelsesplikt, herunder oppfordringen om å undersøke eiendommen nøye, gjelder også for kjøpere som ikke anses som forbrukere.

Diverse

Bustadseljarforsikring

Seljar har teikna bustadseljarforsikring som er framforhandla av Söderberg & Partners AS. Forsikringa dekkjer seljar sitt ansvar etter avhendingslova, med dei avgrensingane som følgjer av forsikringsvilkåra og er avgrensa til salssummen til eigedomen, men oppad avgrensa til kr. 14 000 000,-. Seljar har i den samanhengen utarbeidd ei eigenerklæring om eigedomen. Eigenerklæringa ligg vedlagt salsoppgåva og interessentar vert oppmoda til å gjere seg kjend med denne før bodgiving/kjøp. Bustadseljarforsikringa sørgjer for at kjøpar kan forhalde seg til ein profesjonell og søkegod motpart som handterer eventuelle reklamasjonar fagleg og ryddig. Dersom kjøpar ikkje har teikna bustadkjøparforsikring kan hen reklamere direkte til Claims Link (tlf 67 83 51 30 eller post@claimslink.no), som representerer bustadseljarforsikringa til seljar.

Av vilkåra går det fram unntak i forsikringsdekninga, til dømes ved nye forhold som oppstår mellom aksept og overtaking. Garantiar/lovnader der seljar har påteke seg ansvar for eigenskapar ved eigedomen eller dokumentasjon av slike, vert ikkje dekt. I nokre tilfelle er det heller ikkje dekning der seljar har opptrådt forsettleg eller grovt aktlaust. Forsikringa omfattar heller ikkje ein redusert bustadverdi som skuldast skadedyr/insekt, til dømes skjeggkre/perlekre/sølvkre, veggdyr, pelsbiller, maur, borebiller og tilsvarande. I samsvar med lov og rettspraksis må det reklamerast "innan rimeleg tid". Det vert tilrådd å reklamere umiddelbart/snarast mogleg og seinast innan 2 månader frå forholdet vart/burde vorte oppdaga.

Dersom kjøpar utbetrar mangelskrav på eiga hand, kan dette medføre at reklamasjonsretten vert tapt.

Bustadkjøparforsikring

Vedlagt i salsoppgåva følgjer informasjon om Bustadkjøparforsikring Pluss og Bustadkjøparforsikring frå HELP Forsikring AS. Bustadkjøparforsikring er ei rettshjelpsforsikring som gir tryggleik og profesjonell juridisk hjelp dersom det blir oppdaga uventa feil eller manglar ved bustaden dei neste fem åra. Bustadkjøparforsikring Pluss har same dekning som bustadkjøparforsikring + fullverdig advokathjelp på viktige rettsområde i privatlivet. Les meir om

begge forsikringane i vedlagde materiell eller på help.no. Det blir gjort merksam på at meklarføretaket mottar kr 1 900 / 2 600 / 2 600,- (avhengig av bustadtype) i kostnadsgodtgjersle for kvar forsikringsavtale som blir formidla på Bustadkjøparforsikring Pluss og kr 2 900 ,- / 3 600,- / 3 600,- i kostnadsgodtgjersle for Bustadkjøparforsikring.

Kvitevarer
Det blir gjort merksam på at berre kvitevarer som står på kjøkkenet følg med.
Desse blir leverte utan nokon form for garanti, utover eventuell gjenværande leverandørgaranti.

Bodgjeving
Vilkår for betaling
Kjøpesum og alle kostnader skal vere innbetalt til meklar sin klientkonto før overtaking. Det føresetjast at skøyte blir tinglyst på ny eigar. Dersom kjøpar ikkje ønskjer heimelsoverføring av eigedommen til seg, må det takast atterhald om dette i bodet.

Kvitvaskingsreglar
Eigedomsmeklarar er underlagd lov om kvitvasking og pliktar å rapportere til Økokrim om mistenkelege transaksjonar. Lov om kvitvasking har og strenge reglar om kontroll av legitimasjon frå alle partar i handelen, med dette, seljar, kjøpar og fullmektigar for desse.

Personopplysingslova
Vi gjer interessentar og kjøparar merksame på at vi vil handsame, etter personopplysingslova, personopplysningane dine i den utstrekning dette er naudsynt for å oppfylle våre lovpålagte plikter, med dette for å kunne gjere kundekontroll etter kvitvaskingslova samt for å utføre oppgåver som vi er pålagt etter eigedomsmeklingslova.

Overtaking
Bustaden er klar for snarleg overtakelse.

Mellom aksept av bod og tidspunktet for overtaking er det ikkje høve til å synfare eigedomen. Vi tilrår difor interessentar til å naudsynte mål og liknande på visinga.

Finansiering
Finansiering og forsikring
Ønskjer du rask avklaring på finansielle spørsmål kan du ta kontakt med meklar som kan sette deg i kontakt med kunderådgjevar i Sparebank 1 Sogn og Fjordane. Meklar mottek ikkje godtgjersle for dette.

Verdivurdering
Vi tilbyr verdivurdering av bustaden din dersom du planlegg å selje. Verdivurdering er ei berekning av marknadsverdien på eigedomen, basert på solid erfaring og kunnskap om eigedomsmarknaden der du bur.

Meklar
Oppdragsansvarleg
Christoffer Sæle Merkesvik
Eigedomsmeklar MNEF
Christoffer@em1sf.no
Tlf: 906 13 338

ÅFJORDVEGEN 863

OFFENTLIG TRANSPORT

